

## Åpning av det 132. ordentlige Storting.

President: Jo Benkow.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfatt Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg torsdag den 2. oktober kl. 13 i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 132. ordentlige Storting ved dets åpning:

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortingen velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gavn for fedrelandet.

Regjeringen vil føre videre hovedlinjene i norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk og arbeide for en styrking av det internasjonale samarbeid.

Vern av Norges sikkerhet forutsetter et sterkt forsvar innenfor rammen av NATO, og et aktivt engasjement for avspenning, gjensi-dig rustningskontroll og nedrustning.

Det vil bli fremmet en melding om retningslinjene for forsvarets virksomhet for perioden 1989—93.

Nasjonalt og internasjonalt vil Regjeringen arbeide for en bærekraftig utvikling i tråd med anbefalingene fra Verdenskommisjonen for miljø og utvikling.

Bistanden til utviklingslandene vil bli opprettholdt på et høyt nivå. Regjeringen vil arbeide for å redusere de fattigste landenes gjeldsbyrde.

Regjeringen vil fortsatt legge stor vekt på samarbeidet i Norden og i Europa. Samarbeidet med EF vil bli utdype og styrket.

Regjeringen vil legge vekt på å opprettholde og utbygge et godt forhold til Sovjetunionen.

Regjeringens hovedmål er å sikre full sys-selsetting og en mer rettferdig fordeling. Det er viktig å gjenskape balansen i norsk økonomi, øke verdiskapingen og bedre næringslivets konkurranseevne. For å bidra til dette vil Regjeringen legge opp til et nært samarbeid med partene i arbeids- og næringslivet.

Arbeidet med et enklere og mer rettferdig skattesystem vil bli ført videre.

Regjeringen vil arbeide for bedre styring av kreditmarkedet og legge grunnlaget for lave-re rente.

Regjeringen vil fortsatt satse sterkt på forskning og vil bedre kvaliteten på skole og utdanning.

Det vil bli etablert et senter for videreutvikling av bedriftsdemokratiet.

Landbrukspolitikken og fiskeripolitikken

skal bidra til å sikre bosettingen i distriktene. Regjeringen vil samordne og effektivisere bruken av virkemidler for distriktene. De særskilte tiltakene for Finnmark vil bli fore-slått utvidet.

Regjeringen vil fortsette sin aktive likestil-lingspolitikk på alle områder.

Regjeringen vil på grunnlag av fornyelses-programmet for staten bedre de offentlige tje-nester i samarbeid med de ansattes organisa-sjoner.

Det vil bli foreslått visse endringer i departe-mentsstrukturen. Industridepartementet vil bli omdannet til et industri- og næringsdepar-tement. Handelsdepartementet og Utenriksde-partementet vil bli slått sammen.

Regjeringen tar sikte på å holde et jevnest mulig aktivitetsnivå på norsk sokkel. Det vil bli gjennomført en 12. konsesjonsrunde og fremmet forslag om bygging av gasskraftverk.

Regjeringen vil øke boligbyggingen med særlig vekt på de unge familienes situasjon.

Innsatsen for bedre trafikksikkerhet vil bli økt.

Regjeringen vil fremme en proposisjon om utbygging og finansiering av hovedvegnettet i Oslo-området.

NSBs oppgaver i nærtrafikken vil bli viet spesiell oppmerksomhet. Det vil bli lagt frem forslag til et nytt økonomisk styringssystem for NSB.

Regjeringen vil prioritere en videre forbedring og utbygging av den offentlige helsetje-neste og eldreomsorgen.

Det vil bli foreslått ytterligere tiltak for å bedre tilgangen på pleiepersonell.

Det vil bli lagt frem en stortingsmelding om helsepolitikken med en nasjonal helseplan og en melding om folketrygden.

Innsatsen mot spredning av HIV-smitten vil bli styrket.

Det vil bli lagt frem en melding om alkohol-politikken og en melding om begrensning av tobakkskadene.

Regjeringen vil invitere til et bredest mulig samarbeid om flyktning- og asylpolitikken. Arbeidet med å samordne og forbedre motta-ket av flyktninger og asylsøkere vil fortsette. Saksbehandlingstiden vil bli kortet ytterligere ned for å få en raskest mulig avklaring av hvem som fyller betingelsene for å få asyl eller oppholdstillatelse. Særlig viktig er det å bedre mulighetene for arbeid og egeninnsats. Norge vil samarbeide med andre land som også har en økende tilstrømning av asylsøkere, for å finne felles, forsvarlige løsninger.

Regjeringen vil stimulere til økt utbygging av barnehager og fritidshjem.

Regjeringen vil øke innsatsen mot for-urensning og bedre behandlingen av spesial-

avfall. Miljøvernet i kommunene vil bli styrket.

Det vil bli satt inn særlege tiltak mot økonomisk kriminalitet.

Regjeringen vil bevare Den norske kirke som folkekirke og reformarbeidet vil fortsette.

Jeg ber Gud signe Stortings gjerning og erklærer Norges 132. ordentlige Storting åpent.

**Melding fra Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding,** lesen av statsråd William Engseth:

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortingen om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har teke aktivt del i det internasjonale samarbeidet for fred, tryggleik og avspenning.

Det omfattande og nære samarbeidet med dei andre nordiske landa er ført vidare. Å styrke dette samarbeidet ytterlegare er ei hovedoppgåve for norsk utanrikspolitikk.

Det nære samarbeidet med allierte og nærliggende land i Vest-Europa og Nord-Amerika er ført vidare både tosiktig og innanfor ulike politiske og økonomiske samarbeidsorganisasjonar som Atlantehavspakta, Europaprådet, OECD og EFTA. Kontaktane med Det europeiske fellesskapet og med det utanrikspolitiske samarbeidet mellom EF-landa, EPS, er vortne styrkte.

At EF vart utvida og at Den europeiske einakspsakta, som traktatfester det utanrikspolitiske samarbeidet mellom EF-landa og definerer nye mål og samarbeidsområde, tok til å gjelde 1. juli, representerer nye utfordringar og oppgåver for Noreg i høve til fellesskapet.

Regjeringa har lagt fram for Stortingen ei eiga melding om tilhøvet mellom Noreg, EF og europeisk samarbeid. Det blir streka under i meldinga korleis utviklinga i Dei europeiske fellesskapa i aukande grad rører ved norske interesser på det økonomiske, politiske og kulturelle området. Noreg må derfor i endå større grad styrke bindeledda til EF i tida framover. For å styrke den norske samordninga slik at ein betre skal kunne ta seg av norske interesser i forhold til fellesskapet og hjelpe til med å følgje opp tiltaka i EF, har Regjeringa oppretta ei eiga statssekretærgruppe og sett ned eit utval med representantar frå arbeids- og næringslivsorganisasjonar og frå dei departementa det gjeld.

Den nye utviklinga i EF og Vest-Europa gjer at handelsavtalene mellom Noreg og EF ikkje lenger er tilstrekkelege til å tryggje dei næringsinteressene Noreg har. I ei melding til

Stortingen om einskilde handelpolitiske spørsmål blir det konkrete arbeidet som går føre seg i EFTA- og EF-regi for å bøte på denne veikskapen, gjennomgått.

Det tryggingspolitiske samarbeidet i NATO byggjer på målsetjinga om eit effektivt forsvar og samstundes arbeid for avspenning og dialog med Sovjetunionen og landa i Aust-Europa. På dette grunnlaget har Noreg stødd arbeidet i alliansen for å styrke fellesforsvaret. Arbeidet for avspenning blir ført vidare under oppfølgingsmøtet i Wien for Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa, KSSE. Noreg arbeider aktivt for at Wien-møtet skal få eit velukka utfall.

Gjennom rådføringar i NATO har Noreg medverka aktivt til arbeidet for rustningskontroll. Siktemålet har vore å styrke tryggleiken på eit så lågt styrkenivå som mogleg. Med dette utgangspunktet har Noreg gjeve sin tilslutning til framlegg som kan fjerne alle typar landbaserte kjernefysiske mellomdistanseraettar.

Regjeringa står freistnadene på å styrke den konvensjonelle militære styrkestabiliteten i Europa. Noreg tek aktivt del i dei forhandlingane som no blir ført i Wien med sikte på å utarbeide eit mandat for nye forhandlingar om konvensjonell rustningskontroll. Stockholmsavtala om tillits- og tryggingsskapande tiltak utgjer eit positivt steg i denne retninga.

Regjeringa har lagt vekt på delta aktivt i nedrustningsarbeidet både på Nedrustingskonferansen i Genève og i FN. Frå norsk side har ein lagt fram eigne dokument og studiar både om forbod mot kjemiske våpen og full stans i prøvene med kjernevåpen. Noreg var koordinator for dei vestlege landa på den andre oppfølgingskonferansen for Konvensjonen om biologiske våpen i Genève i september 1986 og deltok aktivt på FN-konferansen om nedrusting og utvikling i New York i august—september i år.

Regjeringa har lagt stor vekt på arbeidet med å følgje opp Stortingen si innstilling framlagt våren 1984 til meldinga om tryggleik og nedrusting. Ein har nyleg lagt fram ei stortingsmelding som tek opp spørsmålet om den rolla kjernevåpna spelar i forsvarsstrategien i NATO, spørsmålet om ei kjernevåpenfri sone i nordisk område og spørsmålet om innføring av konsekvensanalysar i Noreg. Regjeringane i dei nordiske landa er vortne samde om å føre embetsmannskonsultasjonar om spørsmålet om ei kjernevåpenfri sone i nordisk område.

Etter at rapporten frå Verdsommisjonen for miljø og utvikling vart offentleggjord den 27. april i år, har ein frå norsk side arbeidd

aktivt overfor regjeringane i dei enkelte landa og i alle relevante internasjonale organisasjoner for å mobilisere støtte for bodskapen i rapporten og sikre at konklusjonane i den blir følgde opp både nasjonalt og internasjonalt.

Noreg har teke aktivt del i drøftingane om m.a. rasjonaliserings- og effektiviseringstiltak med sikt på å styrke Dei sameinte nasjonane. Sentralt i desse drøftingane har innstillinga frå ein særskild FN-komite vore der Noreg hadde formannsvervet.

Etter oppmading frå generalsekretæren i FN har Noreg framleis stilt troppar til rådvelde for dei fredsvernande styrkane i Sør-Libanon. Noreg vil halde fram med å sende observatørar til dei FN-misionane som er oppretta.

Regjeringa har støtta arbeidet i FN med å få til ei fredeleg løysing på Iran/Irak-konflikten. Frå norsk side er det teke kontakt med ei rekje statar i området om tryggleiken for skipsfarten i Persiabukta.

Noreg har halde fram med å arbeide aktivt i dei ulike FN-organa og andre internasjonale fora for å betre dei økonomiske vilkåra i utviklingslanda. I denne samanhengen har Regjeringa gått inn for å styrke og effektivisere det multilaterale systemet for globalt økonomisk samarbeid og utvikling. Ein tek framleis del i samarbeidet innanfor FN-konferansen om handel og utvikling, UNCTAD, og Noreg spelte ei aktiv rolle under den 7. hovudkonferansen som fann sted i Genève i juli i år.

Noreg deltek også aktivt i det internasjonale samarbeidet for å finne fram til langsigktige løysingar på gjeldskrisa i utviklingslanda.

Det er sett av eit fond for å lette gjeldsstuasjonen i dei mest gjeldsramma utviklingslanda, og retningslinjene for bruken av fondet er under arbeid.

Med sikt på å betre og stabilisere eksportinntektene frå råvaresektoren i utviklingslanda har Regjeringa teke aktivt del i internasjonale forhandlingar om råvareavtaler og kompensasjonsordningar. I tillegg er det vorte arbeidd både tosidig og fleirsidig med sikt på å betre dei strukturelle tilhøva i råvaresektoren, m.a. ved at utviklingslanda i større grad enn før tilverkar eigne råvarer.

Regjeringa har lagt vekt på å leggje tilhøva til rette for å auke importen frå utviklingslanda og gje produkta deira ein større del av marknaden.

Noreg og dei andre nordiske landa har ført vidare det aktive arbeidet sitt for å utvikle eit breiare økonomisk samarbeid med landa i det sørlege Afrika, SADCC-landa. Regjeringa legg stor vekt på å støtte SADCC-regionen og hjelpe til med å utvikle den økonomisk, politisk og kulturelt og å gjere desse landa mindre avhengige av Sør-Afrika.

Den brutale undertrykkinga av dei svarte innbyggjarane i Sør-Afrika held fram samtidig som motstanden mot apartheid stadig aukar. Sør-Afrika har også halde fram med den ulovlege okkupasjonen av Namibia.

Noreg har gått inn for at Tryggingsrådet i FN skal vedta bindande sanksjonar mot Sør-Afrika.

Noreg, saman med m.a. afrikanske land, tok hausten 1986 initiativet til at det vart skipa ein særskild FN-komite som skal passe på i kva grad embargoen som FN sette i verk mot oljeeksport til Sør-Afrika, blir etterlevd. Komiteen fekk norsk formann.

I juli 1987 tok forbodet mot transport av råolje til Sør-Afrika eller Namibia med norsk-kontrollerte skip til å gjelde. Forbodet gjeld når lossing i Sør-Afrika eller Namibia var ein føresetnad eller noko ein kunne rekne med då transportavtala vart inngått. Det vart innført meldeplikt for transportar som etter dette fell utanfor forbodet.

For å støtte dei som kjempar mot apartheid, har Noreg gjeve monaleg humanitær hjelp til flyktninger frå Sør-Afrika og Namibia, frigjerringsrørslene ANC, PAC og SWAPO, og til offer for apartheidpolitikken inne i Sør-Afrika. Noreg gjev omfattande hjelp til flyktninger også i andre delar av verda, både gjennom FNs høgkommissær for flyktningar, FN-organisasjonen for palestinaflyktningar og frivillige organisasjoner.

Vietnamesiske flyktningar som blir tekne opp av norske skip, er garanterte innreise til Noreg. Som ei følge av eit internasjonalt kvotesystem er det komme færre båtflyktningar til Noreg det siste året. Det samla talet på sør-austasiatiske flyktningar i Noreg er no om lag 6 000. Noreg tok også imot flyktninggrupper frå andre land i Asia og frå Latin-Amerika og Afrika.

Stønaden til internasjonal naudhjelp er halde opp. Den blir fordelt omtrent likt på internasjonale og frivillige norske organisasjoner. Ein stor del av hjelpa er gått med til hjelpearbeid blant flyktningar frå Afghanistan og til naudhjelpsprosjekt i Latin-Amerika og Afrika.

Noreg har som medlem av FNs menneskerettsskommisjon frå 1. januar 1986 arbeidd aktivt for å styrke det synet at krenkingar av menneskerettane, same kvar dei finn stad, kjem heile verdssamfunnet ved. I kommisjonen har Noreg komme med fleire framlegg med sikt på å få oppslutning om dei normene som er etablerte på menneskerettssområdet innanfor FN.

Noreg tek aktivt del i internasjonalt energisamarbeid, m.a. innanfor Det internasjonale energibyrået, IEA, og innanfor det nordiske

samarbeidet. IEA legg i arbeidet sitt særleg vekt på sikker forsyning av olje og gass.

Gjennom tosidige kontaktar med andre oljeproduserande land i og utanfor OPEC og i samarbeidet innanfor ramma av IEA har Noreg teke til orde for å stabilisere oljeprisane på eit rimeleg nivå, og for at det blir etablert betre kontaktar mellom forbrukarar og produsentar for å sikre seg mot uventa endringar i marknaden.

Det norske synet samsvarer med dei tilrådingane som Verdkommisjonen for miljø og utvikling har komme med om at det er naudsynt med nærmare globale energipolitiske kontaktar.

For å hjelpe til med å stabilisere oljeprisane på eit rimeleg nivå har Noreg sidan 1. november 1986 avgrensa oljeeksporten. I 1986 vart avgrensingane gjennomførte ved at om lag 7½ prosent av oljeproduksjonen vart halden tilbake og beredskapslagra som oljeprodukt. Tiltaka er ført vidare i 1987. Føresetnadene for tiltaka er at OPEC-landa avgrensar sin oljeeksport.

Produksjonsreguleringslinja i OPEC har så langt i 1987 ført til at oljeprisane har stabilisert seg på om lag 18–20 amerikanske dollar, noko som er nær ei dobling av prisane i forhold til då dei var på det lågaste i 1986.

Noreg har teke meir del i det internasjonale samarbeidet innanfor romverksemda. Frå 1.1. 87 har landet vore full medlem av Den europeiske romorganisasjonen, ESA, som har forsking og utvikling av romsystem som hovudformål. Noreg er også med i den internasjonale organisasjonen INTELSAT som arbeider med satellittkommunikasjon mellom landstasjonar og INMARSAT som dekkjer satellittkommunikasjon særleg med skip. Noreg deltek òg i den europeiske organisasjonen EUTELSAT som arbeider med bruk av satellittar i vêrvarslingstenesta og det nordiske Tele-X-prosjektet. Vårt romengasjement utgjer no ein heilskap som strekkjer seg frå forsking og utvikling til produksjon og praktisk bruk.

Det internasjonale teknologisamarbeidet, særleg med Europa, er under stadig utvikling. Vår deltaking i det teknologiske og vitskaplege samarbeidet mellom EF-kommisjonen, EFLand og vesteuropeiske ikkje-EF-land, COST, har auka sterkt. Innanfor ramma av den tosidige forskingsavtala med EF frå 1986 går det dessutan føre seg eit aktivt arbeid for å knyte norske forskingsinstitusjonar nærmare til dei felles forskingsprogramma og -prosjekta i EF.

I industrisamarbeidet i EUREKA er vi sterkt engasjerte i fleire prosjekt, og engasjementet aukar stadig.

Som ei følgje av Tsjernobyl-ulykka har samarbeidet for å sikre reaktorane fått ein ut-

vida plass innanfor Det internasjonale atomenergibyrået, IAEA. Ei internasjonal avtale om hjelpe tilfelle med atomulykker og éi om varsling av atomulykker er utarbeidd i regi av IAEA. Noreg har i tråd med intensjonane i varslingsavtala inngått ei rekke tosidige avtaler med sikte på å bli varsle og få ein betre beredskap i tilfelle det skulle inntreffe ei ulykke. Mellom dei nordiske landa blir det forhandla om ei utvida hjelpeavtale i tilfelle av ei atomulykke.

Det er forhandla om nye samarbeidsprogram under kulturavtalene med Kina, India, Portugal, Storbritannia og Spania.

Rådet for Noregs-informasjon har lagt fram ein plan for å presentere Noreg i utlandet.

Presse- og kulturavdelinga i Utanriksdepartementet er reorganisert og det er oppretta eit kontor for Noregs-informasjon.

Regjeringa har teke aktivt del i arbeidet i EF og EFTA-landa med å styrke den vesteuropæiske marknaden. Ein har oppnådd konkrete resultat på administrative og tekniske område, særleg når det gjeld opphavsreglar og andre grenseformalitetar. Den 20. mai 1987 vart det for første gong inngått fleirsidige konvensjonar mellom EF og EFTA. Konvensjonane gjaldt ei forenkling av dei formelle vilkåra i varehandelen og felles transittprosedyrar i EF/EFTA-området. Like eins er samarbeidet innanfor forsking og utvikling bygd vidare ut.

Tilleggsprotokollane til dei avtalene som Noreg har med EF, som ein forhandla om i samband med at Spania og Portugal vart medlemmer i EF 1. januar 1986, vart underskrivne 14. juli 1986, og Stortinget gav sitt samtykke 9. desember 1986.

Dei tiltaka som er nemnde ovanfor, vil, supplert med det nordiske samarbeidet og dei tosidige sambanda med EF, betre handels-samkvemmet med dei største handelspartniane våre. For å motverke følgjene av reduserte oljeinntekter har Regjeringa lagt stor vekt på å stimulere til auka eksport og internasjonalisering, og styrke det eksportfremjande arbeidet gjennom ei effektivisering og betre samordning av det verkemidla som finst, og av verksemda i dei einskilde offentlege institusjonane.

I samband med Troll/Sleipner-avtala inngjekk Noreg og Frankrike den 3. desember 1986 ei avtale om økonomisk, industrielt, teknologisk, vitskapleg og kulturelt samarbeid. Avtaleverket skal medverke til å styrke det langsigtige økonomiske og kulturelle samarbeidet mellom dei to landa. Under rammeavtala er det oppretta ein industrikommisjon og ein kulturkommisjon.

Regjeringa ser det som ei viktig handels-

politisk målsetjing å styrke det økonomiske samarbeidet mellom Noreg og utviklingslanda, m.a. ved å inngå avtaler om økonomisk, industrielt og teknisk samarbeid.

Den nye multifiberavtala under GATT, som det vart semje om i juli 1986, forpliktar Noreg til å føre ein gradvis meir liberal importpolitikk for tekstilar. Dette fører til at Noreg må reforhandle med 15 land om avgrensing av tekstilimporten til Noreg.

Det er lagt vekt på å utvikle det økonomiske og handelspolitiske samkvemmet med Sovjetunionen, dei austeuropeske landa og Kina.

Det høge nivået for norsk utviklingshjelp og humanitært hjelpearbeid er ført vidare. Dei nye retningslinjene som vart fastlagde av Stortinget våren 1987, gjev eit godt grunnlag for arbeidet framover.

Hjelpa frå Noreg til utviklingslanda i 1986 utgjorde 1,16 pst. av bruttonasjonalproduktet. Dette er det høgaste nivået som er oppnådd til no. Stønaden fordelte seg med nærmere 57 pst. til den tosidige hjelpa og om lag 40 pst. til den fleirsidige. Til administrasjon og opplysningsarbeid vart det nytta i overkant av 3 pst.

Land i Afrika sør for Sahara har vore høgt prioriterte. Det nordiske samarbeidet med SADCC-landa er alt nemnt. Av den totale tosidige hjelpa i 1986 vart meir enn 60 pst. sett av til Afrika. Av dette mottok dei fem hovedsamarbeidslanda i verdsdelen om lag 65 pst.

Tanzania er framleis det landet som tek imot mest stønad frå Noreg. Energiutvikling og kysttransport er her blant dei viktigaste sektorane. I Zambia er innsatsen først og fremst retta mot landbruk, bygdeutvikling og vassforsyning. Botswana tek i hovedsak imot hjelp til helsetiltak, vegar og landsbygdutvikling. I Mosambik er den norske innsatsen framleis koncentrert om kraftutbygging og kysttransport.

Den langsigte planen for tørkebeltet i sørkanten av Sahara er ført vidare. Hovudmålsetjinga er auka matproduksjon og økologisk rehabilitering.

Om lag 28 pst. av den tosidige hjelpa gjekk i 1986 til land i Asia. Stønaden til dei 4 hovedsamarbeidslanda, Bangladesh, India, Pakistan og Sri Lanka har i større grad enn for hovudsamarbeidslanda i Afrika bygd på mindre personellkrevjande stønadsformer som varehjelp og importstønad.

Innsatsen i Mellom-Amerika har auka sterkt, spesielt i Nicaragua. Hovudformålet med innsatsen er å styrke eit fredeleg politisk og økonomisk utviklingssamarbeid i regionen, og det er i tråd med dette gjeve aukande støtte til regionale institusjonar og til-

tak. Det vart i 1987 vedteke å opprette eit norsk fredskorps i regionen.

Auken i stønaden til utviklingsprosjekt som er administrerte gjennom private organisasjoner, har vore sterkt gjennom 1980-åra. Denne utviklinga har halde fram både i 1986 og 1987, og overføringane utgjer no vel 6 pst. av den totale stønaden.

Arbeidet med å integrere kvinnene sterke i utviklingsprosessen held fram etter fastlagde retningslinjer. Arbeidet med menneskerettane er også vorte sterke integrert i utviklingspolitikken.

Stønaden til miljøtiltak og ressursbevaring i utviklingslanda er auka sterkt i forhold til 1985.

Arbeidet med evalueringar av stønadtilstaka er gjeve høgare prioritet. Det er no utarbeidd landstudiar for dei fleste av hovudsamarbeidslanda.

Utbetalingsane til fleirsidig hjelp og internasjonalt humanitært hjelpearbeid auka i 1986 med om lag 11 pst. i høve til 1985. Midlane er konsentrerte om dei organisasjonane som ein meiner best vil sikre dei norske målsetjingane, og som ein meiner arbeider mest effektivt.

Auken har vore spesielt stor til institusjonar som arbeider med helse- og familieplanlegging. FNs barnefond, UNICEF, og FNs fond for befolkningsspørsmål er sentrale i denne samanhengen. Stønaden til institusjonar som arbeider med jordbruk, fiske og matvarestønad er også auka monaleg i 1986 jamfört med 1985.

Dei største mottakarane av den fleirsidige hjelpa er som tidlegare FNs utviklingsprogram, UNDP, og Det internasjonale utviklingsfondet, IDA, under Verdsbanken. Det er lagt vekt på å auke stønaden til Afrika og Den afrikanske utviklingsbanken har i denne sammenhengen fått prioritet.

Regjeringa deltok aktivt i den nye GATT-forhandlingsrunden i Uruguay om vidare liberalisering av verdshandelen og ei vidare utvikling av det internasjonale handelspolitiske samarbeidet.

I stortingsmeldinga om enkelte handelspolitiske spørsmål søker Regjeringa å styrke arbeidet med å effektivisere dei offentlege støtteordningane for å fremje norsk eksport. Det blir lagt stor vekt på å betre samarbeidet mellom dei ulike departementa og organisasjonane som er engasjerte i internasjonaliseringa i næringslivet.

For å styrke Noreg som sjøfartsnasjon og for å hindre at ein endå større del av utanriksflåten flaggar ut, vedtok Stortinget å opprette eit norsk internasjonalt skipsregister, NIS. Registeret vart offisielt opna den 1. juli.

Ei rekke skip er alt innregistrerte eller er i ferd med å bli innregistrerte i det nye registeret.

Verksemda i Forsvaret har i 1986—87 vore drive etter dei retningslinjene som er dregne opp for femårsperioden 1984—88 i stortingsmeldinga frå våren 1983.

Den første fasen i innkjøpet av avdelingsluftvern for Hæren er avslutta, og dei seks høgast prioriterte brigadane er no utstyrt med dette våpensystemet. Feltartilleriet skal moderniserast i samarbeid med Nederland og Danmark. Lagra av ammunisjon er vortne styrkte, og det er inngått kontrakt med eit fransk firma om levering av miner. Innføringa av panservernvåpenet TOW 2 held fram. Dei første leveringane av lastevogner og spesialkjøretøy har funne stad, og leveransane vil halde fram til 1994.

Oppdateringa av eskortefartøya og undervassbåtar av Kobben-klassen har halde fram. I samarbeid med Vest-Tyskland er arbeidet med å skaffe Sjøforsvaret seks nye undervassbåtar av ULA-klassen ført vidare. Minefyndingsprosjektet er vel i gang, og skrogkonseptet som er basert på eit framlegg frå eit norsk konsulentfirma, vart valt i konkurransen med fleire utanlandske forslag.

Luftforsvaret har inngått kontrakt om levering av fire nye maritime overvakingsfly til vederlag for dei fem eldste noverande flya. Innkjøpet av Norwegian Adapted HAWK og byggearbeida i samband med dette har halde fram, og ein ventar at systemet blir operativt frå årsskiftet 1988/89. Utviklinga av Penguin Mk 3 luft-til-sjø-rakettar, som er eit av hovudvåpna i F-16-flya, har gått stort sett tilfredsstillande, og serieleveransane vil ta til i nær framtid. Arbeidet med å digitalisere sambandet i Forsvaret for å betre kommunikasjonslinjene har halde fram samtidig som det har vore i gang eit større arbeid for å effektivisere drifta og forvaltninga av Forsvaret ved å innføre nye edb-system.

Utbygginga i samband med omorganiseringa av Brigaden i Nord-Noreg til Brigade 90 panserforsterka er ført vidare, og det er sett i gang arbeid i samband med bygging av dekningshangarar for allierte jagarflyforsterknigar på Andøya.

Det er vidare sett i verk ei rekke nybygg og ekstraordinære utbetringar av eldre bygg for å betre tilhøva i forlegningane for befal og mannskap.

På same måte som forrige året har Forsvaret i nokon monn hatt ein vanskeleg personellsituasjon som følgje av mangel på røynt personell av visse viktige kategoriar. Det blir kontinuerleg arbeidd for å finne løysingar som kan betre situasjonen.

Folkemengda pr. 1. juli var 4 184 500 etter forebels tal. I kalenderåret 1986 auka folke-mengda med 14 800. Av dette utgjorde den naturlege tilveksten, fødselsoverskottet, 8 800, eller knapt 0,2 pst. Dette gjev eit tal for samla formeiringsevne på 1,71. Talet er noko høgare enn tilsvarande tal for 1985. Nettoinnflyttinga til Noreg auka i 1986 med 15 pst., til 7 200, og er det er høgaste talet som er registrert sidan siste verdkrigsen.

Førebels oppgåver over varebytet med utlandet syner at verdien av innførsla (utanom skip og oljeplattformer) i dei åtte månадene av 1987 var 94,4 milliardar kroner. Verdien var 571 mill. kr mindre enn i fjar for dei første åtte månadene. Verdien av utførsla utanom skip og oljeplattformer, var 86,4 milliardar kr, eller om lag 6,4 milliardar meir enn i januar—august 1986. Av utførsla i dei første åtte månadene utgjorde råolje og gass 36,3 milliardar kr, mot 35,3 milliardar kr i same periode i fjar.

I januar—mai 1987 var det eit eksportoverskott for varer i alt på 1,5 milliardar kr, mot eit importoverskott på 5,6 milliardar kr i januar—mai 1986. For tenester var det eit importoverskott på 0,8 milliardar kr i januar—mai 1987 mot eit eksportoverskott på 0,6 milliardar kr i same perioden i 1986. For renter og stønader var det eit underskott i januar—mai 1987 på 6,8 milliardar kr mot 6,5 milliardar kr i januar—mai 1986.

For perioden januar—mai 1987 var det eit underskott på driftsrekneskapen overfor utlandet på 5,2 milliardar kr mot 12,1 milliardar kr i januar—mai 1986. Underskottet på driftsrekneskapen for januar—mai 1987 og ein netto utgang av kortsiktig kapital på 4,5 milliardar kr vart motsvart av ein netto inngang av langsiktig kapital på 9,7 milliardar kr.

Den norske registrerte handelsflåten minka med 1 316 000 bruttotonn i første halvår i år, og var på 5,9 mill. bruttotonn ved utgangen av juni. Tanktonnasjen minka første halvår med 160 000 bruttotonn.

Ved utgangen av 1986 var det ved utanlandske verkstader skip under bygging eller tinga for norsk rekning på til saman 0,5 mill. bruttotonn. Det var ein nedgang på 0,2 mill. bruttotonn frå utgangen av 1985. For tørrlastskip gjekk fraktrataane noko ned i 1985 og 1986, medan dei dei første månadene av 1987 gjekk noko opp. Ratane for tankskip har vore dårlege. Dette gjeld særleg dei store tankskipa. Ved utgangen av juni låg 0,1 pst. av handelsflåten i opplag, mot eit opplag på 1,7 pst. ved utgangen av juni i fjar. Sommaren 1987 var det 26 norske registrerte plattformer og breskip. Leigeinntektene gjekk framleis noko ned samanlikna med åra før.

Bruttoinntektene for skipsfarten i utlandet i 1986 var 32 milliardar kr, medan bruttoutgifte ne var 22,6 milliardar kr. Bruttofraktinntektene utgjorde 16 pst. av dei totale eksportinntektene i Noreg i 1986.

I oljeutvinning, bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei sju første månadene av 1987 11,4 pst. høgare enn i høve til same perioden i 1986. Oljeutvinning og bergverksdrift auka med 19,4 pst. medan industrinæringane synte ein auke med 2,3 pst. Det var ein produksjonsauke på 0,7 pst. i skjerma industri og 2,1 prosent i heimekonkurrerande industri. Utekonkurrerande industri og bergverksdrift hadde ein auke på 3,0 pst. i høve til same perioden året før.

Produksjonen av olje og gass på norsk kontinentalsokkel var i 1986 67,9 mill. tonn oljeeiningar, i 1985 63,9 mill. tonn oljeeiningar.

I dei sju første månadene av 1987 vart det produsert 46,1 mill. tonn oljeeiningar. Dette er ein auke på 22,6 pst. i høve til same perioden i fjar. Den sterke auken har samanheng med at det var streik på sokkelen i april 1986.

Investeringane i faste installasjonar og rørleidningar på kontinentalsokkelen var i 1986 24,6 mill. kr, eller om lag 2 mill. kr meir enn året før.

Den 11. konsesjonsrunden vart gjennomført ved to tildelingar første halvåret 1987. Det var stor interesse for dei utlyste blokkene og om lag 20 selskap sökte om løyve.

Det vart tildelt 13 utvinningsløyve som dekkjer 22 blokker eller delar av blokker. For første gong vart det tildelt strategiske blokker i Barentshavet.

På sokkelen nord for 71° N gjev tildelingane i 11. runde grunnlag for heilårsboring, i første omgang fram til hausten 1988.

Det totale salet av petroleumsprodukt var i 1986 8 589 mill. liter, ein auke på 8,2 pst. frå 1985. Totalsalet i dei første sju månadene av 1987 var 5 094 mill. liter, om lag som i same perioden i 1986.

Produksjonen av elektrisk kraft var i 1986 97,1 milliardar kilowatt-timar (TWh), 5,9 pst. lågare enn i 1985. I dei første sju månadene av 1987 var produksjonen av kraft 61,3 milliardar kilowatt-timar. Det er ein oppgang på 7,3 pst. i høve til same periode i 1986. I 1986 hadde vi den høgaste netto importen av kraft, 2,0 TWh. I 1985 var det eit mindre eksportoverskott på 0,6 TWh.

Bruttoforbruket av elektrisk kraft har i dei første sju månadene av 1987 gått opp med 4,2 pst. i høve til same tidsrommet året før. Det temperaturkorrigerte forbruket av kraft til vanleg forsyning auka med om lag 0,3 pst. første halvår 1987. I tolvmånadersperioden august 1986 til og med juli 1987 var bruttoforbru-

ket av kraft 101,6 milliardar kilowatt-timar, ein oppgang på 0,2 pst. i høve til same perioden eit år tidlegare.

Magasinfyllingane var i midten av juli i år 68,5 pst., mot 70,3 pst. på same tida i fjar. Det har vore ein tilvekst i magasinkapasitet, slik at den prosentvise oppfyllinga i år er rekna av ein større magasinkapasitet. Energi-mengda i magasina var i midten av juli i år rekna til 51,3 TWh, eller om lag som på same tid i fjar.

I 1986 auka den installerte magasinkapasitet med 892 megawatt (MW) og fastkraftproduksjonsevna med om lag 2,1 TWh. I første halvdel av 1987 var tilveksten i installert magasinkapasitet 825 MW, og fastkraftproduksjonsevna auka med om lag 2,1 TWh.

Det omsette volumet i detaljhandelen steig med 5,4 pst. i 1986. Men utviklinga gjennom året er merkt av sterk vekst i første halvåret, medan det er nedgang i det omsette volumet mot slutten av året.

Første halvåret 1987 vart det omsette volumet i detaljhandelen i alt redusert med 6,4 pst. samanlikna med første halvår 1986. Størst nedgang var det i gruppene motorkjøretøy og bensin, som minka med 13,3 pst.

I engroshandelen var det ein reduksjon i det omsette volumet på 0,5 pst. andre kvartal 1987 samanlikna med same perioden året før. I perioden vart engroshandelen med motorkjøretøy redusert med heile 16,7 pst.

Mindre omsetning i varehandelen har ført til noko redusert sysselsetjing i denne næringa. I andre kvartal 1987 var det i alt om lag 321 000 sysselsette i varehandelsnæringa. Ein stor del av desse er deltids-sysselsette.

Konsumprisindeksen auka frå august 1986 til august 1987 med 7,8 pst. Prisauken har vore låg dei siste månadene. Frå mars til august auka indeksen med berre 1,5 pst. Med eitt unntak må ein attende til 1960-åra for å finne eit lågare tal for same perioden. Engrosprisindeksen låg i august 1987 6,2 pst. høgare enn i tilsvarande månad sist år, medan produsentprisindeksen låg 5,6 pst. høgare.

Utviklinga på arbeidsmarknaden var gunstig i 1986. Talet på sysselsette auka med 58 000 personar, dvs. 2,9 pst. Veksten heldt fram inn i 1987. I første halvåret 1987 låg sysselsetjinga 44 000 høgare enn same perioden året før. Dette er ein vekst på 2,1 pst. Talet på utførte timeverk auka med 0,8 pst. i same perioden.

I 1986 auka sysselsetjinga i dei fleste næringane. Berre primærnæringane hadde nedgang i sysselsetjinga. Størstedelen av sysselsetningsveksten kom i varehandelen og i dei tenesteytande næringane.

Det vart i 1986 i gjennomsnitt registrert

36 200 arbeidslause. Av desse var det 20 200 menn og 16 000 kvinner. Som del av arbeidsstyrken var den registrerte arbeidsløysa 1,8 pst. i 1986.

Tal for første halvår 1987 viser framleis nedgang i den registrerte arbeidsløysa, men nedgangen er i ferd med å ta av, og mykje tyder på at arbeidsløysa har nådd botnen. Gjennomsnitt for første halvår 1987 var 34 000, 3 500 lågare enn første halvår 1986. På landsdelsnivå har arbeidsløysa relativt sett gått mest ned utanom dei sentrale autslandsfylka.

Arbeidsløysa mellom ungdom under 20 år gjekk ned i 1986, og den har flata ut gjennom første halvår 1987.

Ved utgangen av januar i år hadde dei arbeidslause vore registrerte som ledige i gjennomsnitt 17 veker mot 20 veker i januar 1986. Talet på personar som hadde vore arbeidslause eit halvt år eller meir, gjekk ned med 3 900.

I første halvår 1987 var det i gjennomsnitt sysselsett 18 800 personar i arbeidsmarknadstiltak. Dette er 11 000 færre enn i same perioden i 1986. 10 900 personar var sysselsette i attføringsstiltak. Det gjeld både mellombels og meir varige arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma. Desse er haldne på om lag det same nivået som før.

Arbeidsmarknaden er framleis stram, og merkt av tilpassingsproblem. Arbeidskraftstyresemakten har prøvd å løyse desse problema ved å rette hovudtyngda av tiltak mot opplæring og kvalifisering og ved i større grad å vri bruken av tiltak mot den konkurranseutsette sektoren.

Straumen av asylsøkjarar og flyktningar til landet, representerer nye utfordringar for arbeidskraftstyresemakten, og ein reknar med at om lag 2 000 personar frå denne gruppa vil vere sysselsatte i arbeidsmarknadstiltak i 1987.

Regjeringa har også for budsjettåret 1987 halde av midlar i ein eigen beredskapsplan for arbeidsmarknadstiltak, men slike løyingar er skorne sterkt ned frå 1986.

Til dei ulike arbeidsmarknadstiltaka, offentleg sysselsetjing, opplærings-, kvalifiserings- og attføringsstiltak, flyktningtiltak m.m. er det for budsjettåret 1987 løyvd 1 490 mill. kr over det ordinære budsjettet og 180 millionar kr over beredskapsbudsjettet, til sammen 1 670 mill. kr. Tilsvارande tal i rekneskapen for 1986 var 2 120 mill. kr.

I 1986 vart det sett i gang bygging av 29 200 bustader eller 2 300 fleire enn året før. Talet på fullførte bustader var om lag 25 800.

I første perioden januar—juli 1987 vart det sett i gang bygging av 14 500 nye bustadar eller om lag 3 pst. færre enn året før. Arealet

av andre bygg som er under arbeid, aukar framleis og var 15 pst. høgare ved utgangen av juli i år enn på same tid året før.

Byggjesektoren er dermed sterkt pressa med m.a. eit stort underskott på arbeidskraft. Byggjekostnadsindeksen frå Statistisk Sentralbyrå steig med vel 10 pst. frå august 1986 til august 1987.

Veksten i aktiviteten i kommuneforvaltninga er rekna til 4,4 pst. frå 1985 til 1986. Dersom ein korrigerer for funksjonsfordelingsendringer og nedskjering av det mellombels kommunale sysselsetningsprogrammet, blir veksten monaleg høgare.

I det økonomiske opplegget for 1987 er det lagt til grunn at dei samla inntektene i kommunesektoren skulle vere om lag uendra frå 1986.

Under arbeidet med revidert nasjonalbudsjett er den pårekna skatteinntekta gjennomgått og oppjustert med om lag 1 000 mill. kr. Veksten frå 1986 blir no rekna til 6,5 pst. i nasjonalbudsjettet. Regjeringa har i hovudsaka funne å vilje halde fast på det tilskottsnivået som vart vedteke under salderinga.

Stortinget og Regjeringa vedtok hausten 1986 at ein del heradskommunar i Vestfold fylke skal slåast saman med byane Horten, Tønsberg og Larvik. Borre skal bli slege saman med Horten og Sem med Tønsberg. Tjølling, Hedrum, Brunlanes og Stavern skal bli slegne saman med Larvik. Dei nye, utvida kommunane får namna Borre, Tønsberg og Larvik. Kommunesamanslutningane skal gjelde frå 1. januar 1988, men fekk verknad for kommunestyreval og fylkestingsval i haust.

Stortinget vedtok i vårsesjonen ei rekkje endringar i lovgjevinga som gjeld nemnder på kommune- og fylkesplan. Målsetjinga er å finne fram til ei betre organisering og å kunne yte tenester meir effektivt.

Som ledd i arbeidet med å fornye og tilpasse den offentlege forvaltninga, gav Regjeringa ved årsskiftet 1986/87 20 kommunar og 4 fylkeskommunar status som frikommunar. Ved at frikommunane kan bli unнатne frå lover og forskrifter om korleis oppgåvene skal løysast og verksemda organiserast, prøver ein å oppnå:

- å tilpasse den kommunale forvaltninga betre til lokale tilhøve
- betre service for innbyggjarane
- betre og meir effektiv utnyting av dei ressursane det er tilgang på.

Den distriktpolitiske innsatsen er auka, på bakgrunn av ein aukande regional ubalanse fram til 1986. Det er først og fremst Nordland og Finnmark som har hatt tilbakegang i folketetalet dei siste tre åra. Nord-Noreg er særleg

prioritert når det gjeld å fremje eit meir variert og framtidsretta grunnlag for sysselsetjing og busetjing.

Distriktsutbyggingsfondet gav i 1986 tilsegn om lån med 933,8 mill. kr, tilsegn om nye garantiar for lån med 261 mill. kr og tilsegn om investeringstilskott med 544,6 mill. kr. Vidare vart det gjeve tilsegn om bedriftsutviklingstilskott med i alt 201,4 mill. kr. Av dei samla tilskotta frå fondet gjekk 38 pst. til Nord-Noreg.

I 1986 vart det gjeve tilsegn om tilskott til kommunale utbyggingstiltak med i alt 226,6 mill.kr. For første halvår 1987 er det gjeve tilsegn på 152,6 mill. kr. Stønaden til kommunalt tiltaksarbeid er aukande, og det er opprettet ei eiga løying som blir fordelt på kommunale næringsfond.

Eit aksjonsprogram for privat tenesteyting i distrikta er førebudd i første halvår i 1987, og skal gjennomførast over ein fireårsperiode.

Stortinget vedtok våren 1987 lov om Sametinget og andre samiske rettstilhøve. Sametinget skal veljast ved direkte val av samar som har late seg føre inn i eit eige samemanttal. Sametinget vil overta dei oppgåvane og det ansvaret som Norges Sameråd har i dag, og seinare vil det bli tillagt den makt som blir fastsett ved lov eller på annen måte.

Avlingane i jordbruksfondet er prega av at sommaren 1987 har vore fuktig og kald og at våren kom seint i heile landet. På Vestlandet og i sørlege delar av Austlandet vart avlingane av korn og gras likevel vel så store som i eit normalår. Potetavlingane både i desse strok og elles i landet ser derimot ut til å bli mykje reduserte i høve til eit normalår. Nordre delar av Trøndelag har truleg hatt eit normalt godt år for gras og kornavlingar, medan været i Nord-Noreg og i resten av Trøndelag har ført til reduserte avlingar av gras, poteter og korn.

For grønsaker ventar ein stort sett normale avlingar for dei fleste slaga, men med noko variasjon frå fylke til fylke. Fruktavlingane vil bli under det normale på Austlandet og Sørlandet, medan ein på Vestlandet ventar avlingar i overkant av normalen. Kjølig vær under blomstringa, sterke åtak av grå monilla og lokale haglbyer er medverkande årsaker til dei reduserte fruktavlingane på Sør- og Austlandet.

Mjølkeproduksjonen for 1987 reknar ein med vil bli 1 846 mill. liter kumjølk og 28 mill. liter geitemjølk. Dette er ca. 26 mill. liter meir kumjølk og vel 2 mill. liter meir geitemjølk enn det som vart produsert i 1986. Tendensen i konsummjøksalet syner framleis nedgang, men nedgangen frå i fjor er svært liten. Også i år vil verknaden av reaktorulykka i Sovjet i 1986 gjere seg gjeldande. Omfanget synest li-

kevel å vere noko redusert. Ordningane som skal dempe dei økonomiske følgjene for dei produsentane som ikkje får produkta sine godkjende som menneskeføde, skal halde fram.

Ramma for jordbruksoppgjeret i år vart fastsett av Stortinget etter brott i forhandlingane mellom staten og jordbruksorganisasjonane. Fordelinga på ulike prisar og tiltak vart seinare fastsett i ei avtale mellom staten og Norsk Bonde- og Småbrukarlag, då det ikkje lykkast å bli samd også med Norges Bondelag.

Regjeringa la i samband med oppgjeret likskap i inntekter og levevilkår mellom bønder og industriarbeidarar til grunn som eit hovudprinsipp. Men den ekstraordinære inntektpolitiske og økonomiske situasjonen har ikkje gjort det mogleg å nå dette målet heilt ut i 1987. Avstanden i inntekt og levevilkår mellom dei to gruppene vil likevel bli mindre enn i 1986.

Ved fordelinga av den auka inntektsramma har ein lagt stor vekt på å få jamne ut inntektene mellom små og store bruk, mellom dei ulike distrikta og mellom dei ulike produksjonane. Brukarane i Nord-Noreg vil komme spesielt godt ut.

I skogbruket var det avverka 9,4 mill. tømmer i driftsåret 1986—87. Dette er om lag 5 pst. meir enn driftsåret før. Den største auken i avverkinga skjer relativt sett på Vestlandet.

Norsk industri importerer årleg 1,5 mill. m<sup>3</sup> skogvirke. Tilveksten i dei norske skogane er no så stor at dette kvantumet kan bli dekt med norsk virke.

Skogskadeproblema i Europa har vore medverkande til at den norske beredskapen er skjerpa. Skogforskinga gjennomfører no årleg registreringar på faste forsøksflater i skog over heile landet med tanke på raskt å kunne oppdage eventuelle endringar i helsetilstanden i skogen.

Utbytet av fisket var i 1. halvår 913 000 tonn målt som rund vekt mot jamt 1 mill. tonn i 1. halvår 1986. Førstehandsverdien i 1. halvår var om lag 2 850 mill. kr, som er om lag 370 mill. meir enn i same tidsrommet i fjor.

Av torsk er det teke omlag 10 000 tonn mindre enn til same tid i fjor, av lodde om lag 62 000 tonn mindre, og av industrifisk 21 700 tonn mindre.

Av sild vart det teke om lag 46 000 tonn mindre i 1. halvår samanlikna med same perioden i fjor.

Av oppdrettsfisk vart det i 1. halvår omsett 23 600 tonn til ein verdi av 835 mill. kr, mot 21 351 tonn og 795 mill. kr i 1. halvår 1986.

Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt gjekk opp frå 3 293 mill. kr pr. 31. mai 1986 til 3 632 mill. kr pr. 31. mai 1987.

Utviklinga av det samla persontransportarbeidet synte ein klar vekst igjen i 1986 i likskap med åra før. Auken i 1986 var på heile 6,5 pst. til 47 652 mill. personkilometer.

Dei kollektive transportmidla tapte på nytt delar av marknaden i høve til private transportsmiddel, i første rekke personbilen. Kollektivdelen er no gått ned frå 26,2 pst. i 1980—81 til om lag 22 pst. i 1986.

Godstransportarbeidet innanlands synte i 1986 ein auke på om lag 3 pst.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1986 86 137 km. Dette er ein auke på 255 km i høve til året før. Riksvegnettet utgjer no 25 700 km. 96,8 pst. av dette har fast dekke. I alt har 66,7 pst. av det offentlege vegnettet fast dekke.

Pr. 1. januar 1987 var det lov med 10 tonns akseltrykk på 67,4 pst. av riksvegnettet. Det er ein auke frå 1986 på 1 200 km. Dei tilsvarande tala for 1986 og 1985 var 62,8 og 56,5 pst.

99,9 pst. av riksvegnettet kan no trafikkeraust med 8 tonns akseltrykk.

Mellom dei viktigaste vegstrekningane som vart opna for 10 tonns akseltrykk i 1986 var Neiden—Høybuktmoen på E6 i Finnmark og Olderdalen—grensa til Finnmark. Det vil seie at det er lov med 10 tonns akseltrykk eller meir på 92 pst. av stamvegnettet utanom teleloysingsperioden.

Vegstellet avslutta og opna for trafikk 186 nye og ombygde bruver på riksvegane i 1986 med ei samla brulengd på 6 102 m. I 1986 er det lov å kjøre med 10 tonns akseltrykk på 96 pst. av bruene.

Av dei viktigaste bruene som vart ferdige, kan ein nemne Lukksundbrua og Rognesundbrua i Hordaland. Den siste samlar dermed Øygarden kommune.

Store prosjekt som elles vart avslutta i 1986 var: E6 gjennom Skjeberg i Østfold, E6 Ringnes—Ryen—Teisen i Oslo/Akershus, E6 Økelsrud—Moelv i Hedmark, E18 Tassebekk—Klinestad i Vestfold, E18 Stangeland—Sandve i Rogaland, Rv. 7 i Måbødal i Hordaland, E69 med ny innfartsveg til Ålesund i Møre og Romsdal, Rv. 625 Fjærland—Skei i Sogn og Fjordane med m.a. Fjærlandstunnen med ei lengd på 6 381 meter.

Vidare gjev den nye Øksfjordtunnelen i Finnmark heilårsveg i Øksfjord, medan Tosen-tunnelen i Nordland gjev ferjefritt samband med E6 for folk i Brønnøy og Sømna.

Reguleringsplanen for første etappen av fjellinja i Oslo var utarbeidd i 1986. Stortinget vedtok å byggje ut og finansiere fjellinja i februar 1987. Dette er ein del av utbyggingsplana for hovudvegnettet i Oslo-området.

I 1986 vart 78 ulykkespunkt og 34 ulykkesstrekningar utbetra. I det same tidsrommet

vart det bygd 134 km gang- og sykkelvegar langs riksvegane. I alt er det no bygd 1 505 km med slike vegar.

Omsynet til trafikktryggleik og trafikkavvikling gjer at det stadig blir bygd fleire rundkjöringar. I 1986 vart det bygd i alt 40 rundkjöringar og 27 av dei er på riksvegnettet.

Ved utgangen av 1986 var det registrert i alt 2 780 311 kjørerøy i Noreg. Det er ein auke på heile 6,3 pst. frå året før. Av desse var det 1 875 000 bilar. Det samla talet på personbilar var ved utgangen av året 1 592 195. Det svarer til 2,5 innbyggjarar pr. personbil i Noreg og 2,1 innbyggjarar pr. bil.

Trafikken på riksvegnettet auka med 7,8 pst. i 1986.

I 1986 vart 12 400 drepne eller skadd i trafikken. Det er 0,8 pst. meir enn i 1985. Talet på drepne auka frå 402 i 1985 til 455 i 1986. Det er ein auke på heile 13,2 pst. For å effektivisere det offentlege trafikktryggleksarbeidet skipa Samferdselsdepartementet hausten 1986 ein eigen Seksjon for trafikktryggleik.

«Aksjon skoleveg» på fylkesvegar og kommunale vegar vart ført vidare i 1986 med ein auke i løvringane på om lag 50 pst.

I 1986 var veksten i ferjetrafikken 8,6 pst. for bilar og 5,5 pst. for personar. Ved utgangen av 1986 var ferjekapasiteten på fylkes- og riksvegane kommen opp i 8 523 personbilplassar. Det er 166 ferjesamband med til saman 242 ferjer. Regjeringa la i april 1987 fram ei stortingsmelding om fylkeskommunal avgjerdsmakt for takstar på lokale ruter og om nytt takstsysten for riksvegferjedrifa.

Skip er klart det viktigaste transportmidlet for frakting av gods over lange avstandar. Transportarbeidet er rekna til 12,2 milliardar tonnkilometer i 1986, ein auke på 6,6 pst. frå 1985. 57,8 pst. av det totale innanlandske gods-transportarbeidet går no sjøvegen.

Hurtigruta Bergen—Kirkenes, som er ein del av kystrutene, hadde ein nedgang på 3,0 pst. frå 292 300 passasjerar i 1985 til 283 700 passasjerar i 1986. Til samanlikning hadde hurtigruta 400 000 passasjerar i 1978. Godstrafikken auka med 1 pst. frå 1985 til 1986.

Det totale tretransportarbeidet på jernbanen, målt i personkilometer, gjekk ned med 0,7 pst. i 1986 til 2 225 mill. personkilometer. Den lokale norske trafikken auka med 0,6 pst. til 2 125 mill. personkilometer, medan transportarbeidet i samtrafikken med utlandet gjekk ned med 22,1 pst. Denne nedgangen kom i sterke grad av turistsvikten etter ulykka i Tsjernobyl.

Godstrafikken utanom transporten på Ofotbanen utgjorde i alt 2 385 mill. tonnkilometer i 1986 og auka med 4,5 pst. frå 1985. 1 761 mill. tonnkilometer av dette gjaldt vognlaster i lo-

kal norsk trafikk, og 614 mill. tonnkilometer gjaldt vognlaster i samtrafikk med utlandet. Desse tala representerer ein auke på 3,3 pst. og 8,3 pst. nemnt i same rekjkjefølgje.

Malmtransporten på Ofotbanen gjekk ned med om lag 0,7 mill. tonn frå 1985, ein nedgang på 4,5 pst.

Den nye sentralhallen på Oslo Sentralstasjon vart opna i november 1986.

Kapasiteten på dei norske innanlandske flyrutene, rekna i tilbodne setekilometer, auka med 12,5 pst. i 1986.

Persontransportarbeidet på innanlandsrutene utanom charter auka med 8,6 pst, frå 1985 til 2 270 mill. passasjerkilometer i 1986. Dette tilsvarer 61,2 pst. av dei tilbodne setekilometrane. Talet på passasjerar som reiste på desse rutene, auka med 6,7 pst. frå 1985 til om lag 5 mill. i 1986. På utanlandsrutene (ikkje charter) auka talet på passasjerar som reiste ut, med 4,7 pst. frå 1985 til 1,35 mill. i 1986.

Regjeringa la i mai fram stortingsmelding om lokalisering av hovedflyplass for Oslo-området, og går der inn for at Gardermoen blir vald som den framtidige hovedflyplassen i landet.

Det har i alt vorte opna seks nye flyplassar utanom stamrutenet. Det er kortbaneplasane Værøy, Røst, Førde og Rørvik og dei privatfinansierte plassane Stord og Dagali.

Telefontrafikken innanlands auka med 9,9 pst. frå 1985 til 1986. Telefontrafikken til utlandet auka med 15,7 pst. Den totale produktiviteten i Televerket auka i same perioden med heile 7 pst.

Den positive utviklinga som har gjort seg gjeldande i dei seinare åra, har gjort det mogleg å kombinere aukande investeringar med ein større sjølvfinansieringsdel og eit realtakstnivå som går nedover.

Pr. 31. desember 1986 var det installert i alt 1 816 213 telefonhovudabonnement. Det er ein auke på 104 168 hovudabonnement i 1986, noko som gjev ein telefontettleik i Noreg på 44,6 telefontilknytingar pr. 100 innbyggjarar.

Televerket er elles inne i ein omfattande omstillingsprosess med utgangspunkt i at Stortinget handsama meldinga om den vidare organiseringa og verkeområdet i Televerket. Telegraflova er endra først og fremst for å opene for konkurranse på terminalmarknaden innanfor telesektoren.

I 1986 er den totale postmengda rekna til 1 858,7 mill. sendingar. Det er ein auke på 7,9 pst. frå året før. 74,3 pst. av dette var brevpost.

Ved utgangen av 1986 var det i drift 2 701 faste poststader og 4 postekspedisjonar på jernbane og skip. Det var dessutan i verksemd 37 landpoststasjonar og 51 postfilialar. Talet på faste poststader gjekk ned med 16 i 1986.

Ved å utvide landpostrutenettet har ein kunna tilby posttenester til dei kundane som sokna til dei nedlagde poststadene.

Med verknad frå 1. mars 1987 har Postgiro fått høve til å gje ei avgrensa rente på konkurranseutsette innskott. Ei stortingsmelding om rammevilkåra for Postverket vart lagd fram i februar 1987. Eit hovudpunkt var utkast til ein ny styringsmodell.

Overnatningsstatistikken for hotell og andre overnatningsstader synte ein nedgang i 1986 på 2 pst. frå året før. Utanlandske gjestedøgn svikta med 11 pst., medan den norske trafikken auka med 2 pst. Det er registrert om lag 11,6 mill. gjestedøgn på desse overnatningsstadeane og av desse er om lag 70 pst. norske. På campingplassane vart det registrert vel 4,5 mill. overnattingar. Nordmenn står også her for om lag 70 pst. av belegget.

Overnattings- og serveringsnæringane syselsette i 1986 vel 50 000 personar. Dette utgjer 2,4 pst. av alle yrkesaktive i landet. I tillegg kjem personar som er sysselsette i reisebyrå, aktivitetsanlegg og transport som er direkte knytte til reiselivet.

I 1986 gav overnattings- og serveringsnæringa eit tilskott til nasjonalproduktet vårt på vel 8,8 milliardar kr, som utgjer 1,7 pst. av den samla verdiskapinga i Noreg. Bruttoproduksjonsverdiene var på vel 17,3 milliardar kr.

Regjeringa har lagt fram eit program for fornying av statsforvaltinga kalla «Den nye staten». Målet med dette programmet er å betre servicen i staten og utnytte ressursane der best mogleg, mellom anna ved hjelp av målretta bruk av ny teknologi.

1. desember 1986 vart Statens rasjonaliseringsdirektorat omorganisert etter dei retningslinjene som tidlegare er dregne opp av Stortinget.

Som ledd i arbeidet i Regjeringa for å betre den offentlege servicen, er det lagt vekt på konkrete tiltak for betre å tilpasse dei offentlege tenestene til det behovet publikum har. Forsøk på å gjøre det lettare for folk å komme dit dei skal og for å betre service og informasjon er sett i gang i ein bykommune og ein landkommune. Tiltaka er utarbeidde i samarbeid med organisasjonane for dei tilsette og lokale styresmakter, og dei byggjer på lokale undersøkingar av kva behov brukarane har.

Ved årsskiftet 1986/87 var det i alt 104 275 barn i barnehage. Dette utgjer 29,1 pst. av alle barn i alderen 0—6 år. For å skaffe fleire barnehageplassar er det gjennomført fleire tiltak for å auke barnehageutbygginga.

Det er vidare lagt fram ei stortingsmelding som skisserer barnehagepolitikken til Regjeringa fram mot år 2000.

I barnehagene i landet vantar det i dag om

lag 800 forskolelærarar. Det er sett i gang fleire tiltak for å bøte på personalmangelen og for å styrke innhaldet i barnehagane.

Arbeidet for likestilling mellom kjønna blir følgt opp. Alle departementa har utarbeidd eigne handlingsprogram for likestilling innanfor sine område, og det blir utarbeidd ein samla plan over tiltaka.

Regjeringa har lagt fram eit framlegg til endring av likestillingslova som går ut på at det skal vere minst 40 pst. av kvart kjønn i alle offentlege styre, råd og utval.

Regjeringa har ønskt å styrke kvinnene sin plass i politikken, og har m.a. hjelpt til økonomisk for å få inn fleire kvinner.

Det er vorte gjennomført forsøk med eit pedagogisk tilbod til 6-åringar i 12 kommunar i 1986–87 i samsvar med stortingsproposisjon lagt fram vinteren 1986. Utviklinga av eit pedagogisk program er kommen i gang, og forsøket vil bli utvida til å omfatte meir enn 40 kommunar.

På område med svak konkurranse har prisstyresmakten overvåka prisane m.a. gjennom reglane om meldeplikt når prisane blir sett opp for ei rekke varer og tenester.

Ved gjennomføringa av finanspolitikken for 1987 er det framleis lagt stor vekt på å unngå for sterk auke i dei offentlege utgiftene. Det har likevel vore naudsynt å gje tilleggsloyvingar til spesielle formål. Særsiktig har den auka tilgangen av asylsøkjarar kravd at det blir brukt ekstra ressursar utover dei løyvingane som vart gjevne i samband med budsjettet hendsaminga hausten 1986. For å halde rammene for budsjettet blei det derfor i samband med revidert nasjonalbudsjett vedteke andre tiltak som reduserer dei offentlege utgiftene og aukar inntektene på budsjettet.

Fra første halvår 1986 til første halvår 1987 steig dei samla utgiftene utanom utgifter til statleg petroleumsverksemd og lånetransaksjonar med 7,8 pst. Dei samla utgiftene medrekna lånetransaksjonar var 129,6 milliardar kr i første halvår 1987. I same tidsrommet var overskottet på statsbudsjettet medrekna folketrygda 1,8 milliardar kr, eller om lag 11,8 milliardar kroner lågare enn året før. Underskottet før lånetransaksjonar, korrigert for oljeskattar, statleg petroleumsverksemd og overføringer fra Noregs Bank, som viser verknadene budsjettet har på den innanlandske økonomien, var i første halvår 1987 3,1 milliardar kr, mot eit underskott på 10,0 milliardar i den same perioden i 1986.

Den samla utlånsauken i forretnings- og sparebankane var i 1986 klart større enn føresetnaden var i kredittbudsjettet, trass i ein auke på 2,6 pst. i dei gjennomsnittlege rentene på ikkje-rentenormerte bankutlån. Kredittil-

forsla frå enkelte andre kjelder var også større enn føresetnaden var.

På bakgrunn av situasjonen på valutamarknaden i fjor haust, då det ofte var naudsynt med støttekjøp av norske kroner frå Noregs Bank for å halde kursindeksen innanfor dei fastlagde yttergrensene, vart renta på utlån frå Noregs Bank til bankane sett opp frå 14 til 16 pst. p.a. den 12. desember 1986. Dette vart gjort for å auke kostnadene ved å spekulere i ei svekking av kurser på norske kroner. Den store renteaunka som følgde i resten av pengemarknaden, samstundes som eit stramt økonomisk opplegg vart vedteke for inneverande år, ført til at presset mot krona minka etter måten raskt. Lånerenta i Noregs Bank vart etter dette redusert steg for steg til det nivået som gjeld no på 13,8 pst. p.a.

Den norske krona har sidan midten av januar vorte gradvis sterkare, og i juli måtte Noregs Bank selje kroner for at den ikkje skulle bli for sterk.

I statsbudsjettet for 1987 vart det gjort vedtak om eit skatteopplegg for 1987 som ført til at fordelen av rentefrådraget og den marginale skattlegginga av renteinntekter vart redusert. I desember 1986 vart det vedteke endringer i bruken av verkemidla i kredittlova. Satsen for primærreservekravet i sørnorske bankar vart redusert medan tilleggsreservekravet for alle bankar stod ved lag. Utgangspunktet for å rekne ut tilleggsreservane vart sett opp.

For dei andre finansinstitusjonane vart verkemiddelbruken i hovudsaka ført vidare inn i 1987.

I samband med at det reviderte nasjonalbudsjettet vart lagt fram i vår, vart primærreservekravet redusert for utlån frå finansieringsselskapet i form av factoring og leasing, og avvikla for bankar og livstrygdelag. Tilleggsreservekravet for bankar vart ført vidare, men utgangspunktet for å rekne ut tilleggsreservane vart sett opp noko. Resten av verkemiddelbruken skulle halde fram inn i andre halvåret. Samstundes vart det sett ned ei arbeidsgruppe som skulle sjå på verknadene av tilleggsreservekravet. På bakgrunn av rapporten fra denne arbeidsgruppa vart utgangspunktet for utrekning av tilleggsreservar ytterlagt sett opp i første del av juli.

Miljøvernministeren la våren 1987 fram ei miljøpolitiske utgreiing for Stortinget. For første gong fekk Stortinget såleis ein samla rapport om status og sannsynleg utvikling av miljø- og ressurssituasjonen både nasjonalt og internasjonalt. Det vart også gjeve ei oversikt over tiltak som er sette i verk eller planlagde, og miljøpolitiske prioriteringar framover.

## Forhandlinger i Stortinget nr. 2.

17

1987. 2. okt. — Åpning av det 132. ordentlige Storting

Regjeringa har vedteke at det skal innførast obligatoriske avgasskrav på USA-nivå for alle nye, bensindrivne bilar f.o.m. 1989-modellane. Tiltaket er sett i verk for å betre luftkvaliteten i byane og tettstadene våre, og for med det å redusere helseskadane og auke trivselen.

Statens ureiningstilsyn har fått fleire stillinger for å styrke kontrollen med industriureiningar og kjemikaliar. Den skjerpa kontrollen viste i 1986 at vel 50 pst. av verksem-dene som vart kontrollerte, gjekk ut over kon-sjonsvilkåra.

Det er fastsett strengare krav til utslepp frå dei største avfalls forbrenningsanlegga i Noreg. Dei nye krava er sette ut frå langsiktige vurderingar av miljøet, og dei vil føre til redu-sert utslepp av saltsyre, svoveldioksid og tungmetall.

Arbeidet med forpliktande føresegner inn-anfor havureiningskommisjonane blir ført vidare. Det siste året er det lagt spesiell vekt på førebuingane til Nordsjø-konferansen 1987 som blir halden i London i haust.

Beredskapen mot verknadene av kjernekraftulykker er styrkt. Dei målestasjonane vi har for måling av langtransporterte luftureiningar, er utstyrt med instrument som kan registrere radioaktivitet.

Regjeringa har vore særleg oppteken av å hindre at den radioaktive ureininga av havområda våre skal halde fram, særleg ved å prøve å hindre den planlagde utbygginga av eit gjenvinningsanlegg for atomavfall i Doun-reay i Nord-Skottland.

Det blir dessutan arbeidd med ein protokoll for å avgrense utslepp av stoff som verkar nedbrytande på ozonlaget. Dette vil bli ført vidare i 1988.

Det er lagt vekt på å følgje opp tilrådingane frå Verdkommisjonen for miljø og utvikling både nasjonalt og internasjonalt. Eit eige statssekretærutval har ansvaret for samordninga av arbeidet.

Det er starta ein offensiv mot heime- og fri-tidsulykker, særleg av omsyn til barn og eldre. Omkring 350 000 menneske blir råka årleg og om lag 1 200 menneske dør som følge av ulykker heime og i fritida i Noreg. Det er også sett i gang ein «Aksjon tryggleik i eldre år» med sikte på å få eldreibulkykkene ned med 30 til 40 pst. innan år 2000.

Arbeidet med Samlet plan for vassdrag er ført vidare, og ei ny melding om plañen vart lagd fram for Stortinget våren 1987.

Statens Kartverk, som vart oppretta i 1986, har satsa mykje på å skape ei marknadsori-entert verksem som gjer det mogleg å tilby brukarane kart, dataprodukt og tenester som er tilpassa deira behov. Satsinga har resultert

i fleire interessante samarbeidsprosjekt og mange oppdrag.

I behandlinga av stortingsmeldinga om miljøvernundersøking var det brei tilslutning til at det skal skipast eit eige institutt for naturforsking. Arbeidet med dette har starta.

Ei stortingsmelding om bygnings- og fornminnevernet vart lagt fram våren 1987, og arbeidet med å styrke kulturminnevernet og bygge opp Riksantikvaren som sentralorgan for kulturminnevernet er ført vidare.

Justisdepartementet har styrkt rettshjelptilbodet til svakarestilte samfunnsgrupper. Dette gjeld mishandla kvinner, einslege som åleine har den daglege omsorga for barn og vernepliktig mannskap i førstegongsteneste. Det er også fastsett at ein skal setje i verk tiltak for å styrke rettshjelptilbodet vidare for asylsøkjarar som kjem til landet.

Justisdepartementet har i 1987, i tillegg til stønad til advokatar som vil slå seg ned i utskantsstrøk, gjeve stønad til eit særleg rettshjelpprosjekt i regi av kommunane i indre Finnmark. Dessutan har departementet gjeve prosjekteringsstønad til eit nytt rettshjelptiltak som skal drivast av juridiske studentar ved Universitetet i Tromsø. Tilskotta til Juss-Buss og andre rettshjelptiltak som blir drivne av studentar, er dobla.

I straffeprosesslova er det vedteke nye reglar om særskilde etterforskningsorgan når det gjeld spørsmål om straffbare handlingar som embets- og tenestemenn i politiet og påtalemakta har gjort seg skuldige i.

Innsatsen innanfor politiet mot trafikkulykker er vorten monaleg styrkt. Det er kjøpt inn nytt materiale og teknisk utstyr til trafikkontroll. Utrykkingspolitiet er vorte styrkt og leiarstillingane der er gjorde til faste stillingar. Denne trafikkinnssatsen har ført til ein markert nedgang i talet på drepne og skadde på vegane våre.

Det er vedteke endringar i personregisterlova som styrker personvernet til den enkelte overfor den nye informasjonsteknologien. Foreldingsfristen for kreditopplysningar er blitt korta ned frå fem til tre år og sikringa av personopplysningar er i det heile vorte styrkt.

Det er vedteke nye lovreglar om straff for datakriminalitet. Det gjeld til dømes rettsstri-dig innsyn i data og ulovleg bruk av dataaut-skifter.

Det er vedteke endring i straffelova om å setje opp den kriminelle lågalderen frå 14 til 15 år.

Det er lagt fram lovframlegg om endringar når det gjeld å fastsetje erstatning ved personskadar som blir påførte barn. Målet med lovframlegget er å fjerne uakseptable ulikska-

par i fastsetjinga av erstatning.

Det er lagt fram framlegg om ny lov om utlendingar.

Det er sett i verk tiltak for å styrkje saksbehandlingsapparatet og korte ned ventetida i asylsaker.

Den rolla som politiet har i det førebyggjande arbeidet mot kriminalitet, er styrkt monaleg. Det er skapt betre samsvar mellom dei prioriterte oppgåvene i politiet og dei midlane som blir tildelte. Lønnstilhøva i politiet er vortne monaleg betra. Beredskapen i politiet mot terrorisme og sabotasje er vorten styrkt. Inntaket på politiskolen er vorte auka og mannskapskrisa ved politiet i Oslo og Finnmark har ein prøvd å løyse med ekstraordinære aspirantopptak.

Det er sett i gang ein handlingsplan som skal effektivisere kampen mot vanleg kriminalitet, dvs. den kriminaliteten som har mest å seie for folk flest, slik som tjuveri, pøbeloppførsel, vold og skadeverk.

Regjeringa har sett i gang ein aksjonsplan der ein går til kamp mot bakmennene i nar-kotikaomsetninga. Det er utarbeidd eit lovframlegg om straff for narkotikaheleri, dvs. hjelp til å kvitvaske narkotikaforteneste. Aksjonane mot narkotikaproblema i fengsla held fram.

Regjeringa har lagt fram eit lovframlegg om verksemda og tenestene m.m. i vaktelskap. Lovframleggget inneholder ei godkjenningsordning for private vaktelskap og dreg opp grensene mellom politioppgåvene og dei oppgåvene som vaktelskap skal ta seg av i samfunnet vårt.

Prøveprosjektet med samfunnsteneste er vorte gradvis utvida. Ein vil vurdere å la prosjektet omfatte alle fylka. No er Østfold, Hedmark, Oppland, Vestfold, Telemark, Rogaland, Hordaland og Troms fylke med i prosjektet.

Det er vedteke eit forbod i barnelova mot vold og anna mishandling av barn.

Det er lagt fram eit lovframlegg som skal sikre at offeret for eit brotsverk får sitt vederlagskrav mot lovbrytaren betalt før staten har fått kravd inn si bot frå den dømte. I dag er kravet om bot til staten prioritert framfor kra-vet om vederlag til den som har lide skade.

Regjeringa har teke initiativ på nordisk og internasjonalt plan for å få slutt på barnepor-nografi, barneprostitusjon og barneslaveri. Det er sett ned eit utval som på vegner av dei nordiske landa skal greie ut saka og gjere framlegg om internasjonale tiltak. Det er ut-arbeidd ein omfattande forskningsrapport som er lagd fram for Europarådet. Europarådet har på grunnlag av dette initiativet vedteke å gje saka høgaste priorititet i 1988.

Det er lagt fram eit framlegg til ny kjøpslov

som forenklar og styrkjer rettstillinga til for-brukaren på ei rekkje område.

Det er sett i gang eit arbeid med å gjennomføre ein systematisk eitt års etterkontroll av alle lover og forskrifter som kjem frå Justisdepartementet.

Dei ordinære stønadssatsane i barnetrygda er sett opp med i gjennomsnitt 14,0 pst. frå 1986 til 1987. For barn med einsleg forsørgjar auka stønadssatsane med i gjennomsnitt 9,4 pst.

Einslege forsørgjarar har på nytt fått lovfest rett til barnetrygd for eitt barn meir enn det faktiske barnetalet.

Grunnbeløpet i folketrygda auka med kr 1 900 frå 1. mai 1987. Frå 1. mai 1987 er grunnbeløpet kr 29 900. Satsane for særtillegget er framleis 54,5 pst. for einslege og 49,75 pst. for ektepar.

Grunn- og hjelpestønaden frå folketrygda auka med 9 pst. frå 1. januar 1987.

Pensjonane frå pensjonstrygda for sjømenn til pensjonistar under 67 år og krigsfartstillegget auka frå 1. mai 1987 i samsvar med auken i grunnbeløpet.

Pensjonane frå pensjonstrygdene for skogsarbeidarar og fiskarar auka frå 1. mai 1987 til same summen som grunnbeløpet. Desse pensjonane skal for framtida automatisk følgje grunnbeløpet.

Frå 1. mai 1987 er den betalte fødselspermisjonen utvida frå 18 til 20 veker. Inntil 14 av desse vekene kan faren ta ut. Frå same tid har yrkesaktive som adopterer, rett til omsorgspermisjon i inntil 14 veker, mot 12 veker tidlegare. Ordningsa vart utvida slik at retten no gjeld når barnet er under 15 år, mot eitt år tidlegare.

Sjukepengeordninga for foreldre med kronisk sjuke eller funksjonshemma barn vart utvida frå 1. mai 1987. Stønadspérioden vart auka frå 10 til 20 dagar. For einslege forsørgjarar i denne gruppa vart stønadspérioden utvida frå 20 til 40 dagar.

Sjukepengeordninga for fiskarar og fangstmenn er endra frå 1. september 1987. Kravet om ventetid for sjukepengar i periodar der fiskarar og fangstmenn ikkje er i arbeid med fiske eller fangst, er oppheva. Det same gjeld visse særreglar for fastsetjing av inntektsgrunnlaget for sjukepengar ved skjønn.

I 1987 er det innført ei betre oppfølging av langtidssjukmelde. Dei lokale trygdekontora har i samarbeid med rådgjevande lege eit særleg ansvar for oppfølginga.

Prisgrensa for stønad til bil til funksjons-hemma vart sett opp frå kr 73 000 til kr 80 000 1. januar 1987. Frå same dato kan ein person som ikkje sjølv er i stand til å kjøre bil, få full stønad, mot halv stønad tidlegare. Ein skal

ikkje lenger ta omsyn til inntekta til ektemaken ved utmålinga av stønaden.

Frå 21. mai 1987 vart det innført ei ordning med godtgjersle for lese- og sekretærhjelp til blinde og svaksynte som treng det i arbeidet eller under utdanning.

Frå 1. mai 1987 auka den garanterte minste tilleggspensjonen til personar som er fødde uføre eller som blir uføre før dei fyller 21 år. Sluttpoengtalet gjekk opp frå 2 til 2,5 poeng. Det gjev ein pensjon på vel 64 000 kr i året.

Ei trygdeavtale mellom Noreg og Canada tok til å gjelde 1. januar 1987.

Ved utgangen av 1985 var det om lag 13 309 barn under vernetiltak av barnevernsnemndene. Av desse var det om lag 5 503 nye vernetiltak som vart sett i gang i 1985.

I den første toårsperioden for Handlingsplanen for barne- og ungdomsvernet er det gjeve stønad til 52 barnevernstillingar. Det er sett i gang eit systematisk etterutdanningsprosjekt. Ved inngangen til 1988 er 13 fylke i gang med, eller har gjennomført etterutdanningsopplegg for sine kommunar. Det er sett i gang eit førebyggjande barnevernsprosjekt i fire kommunar for å utvikle nye modellar for avlasting og stønad til heimen. Det er sett i gang eit forskings- og utviklingscenter for barnevernet som skal drive utviklingsarbeid innan førebyggjande og praktisk barnevernsarbeid.

Det er no oppretta krisesenter for mishandla kvinner i alle fylka i landet. Om lag 4 000 kvinner og barn gjorde bruk av krisesentra i 1986.

For 1987 er tilskottet til helse- og sosialtenesta i kommunane på 3 524 mill. kr.

Noreg tok imot 686 flyktningar i 1986. Same året kom det om lag 2 700 asylsøkjarar til landet. Det er rekna med at det vil komme rundt 8 000 asylsøkjarar i 1987.

Stortinget vedtok 2. juni 1987 å opprette eit utlendingsdirektorat. Regjeringa har sidan den tid arbeidd med den konkrete utforminga av direktoratet som vil komme i arbeid frå 1. januar 1988.

Regjeringa har vidare vedteke å etablere fem statlege regionale mottak i 1987 for å ta imot auken av asylsøkjarar og flyktningar.

Som eit av dei første landa i verda fekk Noreg 12. juni 1987 ei lov om kunstig befrukting. Lova regulerer både kunstig inseminasjon og befrukting utanfor kroppen, den såkalla prøverørsmetoden.

Arbeidet for å hindre at HIV/AIDS-sjukdommen breier seg, er trappa opp endå meir. Det er i 1987 løyvd i alt 90 mill. kr til ulike tiltak i kampen mot epidemien, og av dette er vel ein tredjedel fordelt til tiltak for HIV/AIDS-truga stoffmisbrukarar. Dette har gått til å auke behandlingskapasiteten, til tiltak i

fengsla, til å styrke det oppsøkjande og polikliniske arbeidet og til å kvalifisere personell.

Som eit ledd i rekrutteringa av legar til Nord-Noreg er det sett i gang eit utdanningsprogram i samfunnsmedisin for kommunelegar i Finnmark. Staten dekkjer utgiftene til denne utdanninga.

Pleiar situasjonen i helsetenesta er vanskelig. Kapasiteten i grunnutdanninga for sjukepleiarar er derfor auka med førebels 300 plassar i åra 1986–87, medan utdanningskapasiteten for hjelpepleiarar er auka med 200 plassar.

Vidareutdanninga av sjukepleiarar i psykiatri og eldreomsorg er auka med om lag 100 plassar i 1987. Det er vidare løyvd 12 mill. kr til tre ekstraklasser for spesialsjukepleiarar i anestesi-, operasjons- og intensivsjukepleie. Det blir arbeidd med fleire tiltak for å bøte på sjukepleiararmangelen.

Tilveksten av sjukeheimsplassar blir om lag 1 000 både i 1987 og 1988. Som ein ekstra stimulans for sjukeheimsutbygginga blir det for 1987 gjeve 200 000 kr for kvar ny sjukeheimsplass med finansiering i Kommunalbanken.

Det vart våren 1987 lagt fram ei stortingsmelding om å autorisere yrkestittelen kiropraktor. Føremålet med denne ordninga er å sikre visse kvalifikasjoner hos denne yrkesgruppa.

Arbeidet med å evaluere kommunehelsereforma held fram. Det er vedteke reglar i kommunehelsenestelova om miljøretta helsevern i kommunane. Desse vil betre grunnlaget for arbeidet med å førebygge sjukdom og fremje betre helse.

Arbeidet med å betre servicen for brukarane i helsesektoren held fram. Det er teke initiativ til eit prøveprosjekt i Vestfold der ein skal sjå nærrare på dei krav og ønske som brukaren har og setje i verk tiltak for å gjere det lettare for dei som har bruk for helsestellet.

Å auke kapasiteten for hjarteoperasjoner har framleis høg prioritet. Sosialdepartementet ventar at ein i år kjem opp i om lag 2 100 operasjoner. I tillegg har nokre fylkeskommunar prioritert å kjøpe operasjoner i utlandet utover det talet som regionsjukehusa har forplikta seg til.

Sosialdepartementet har frå 1. april 1987 teke over ansvaret for helsetenesta i fengsla. Det blir no arbeidd med avtaler med siktet på ei integrering i den ordinære kommunale og fylkeskommunale helsetenesta.

Utalget for effektivisering i helsetellet har i 1987 prioritert:

- brukarservice i helsetenesta
- organisering og leiing

- å gjenskape arbeidsglede i helsetenesta
- informasjon
- prøvesjukehusprosjekt ved sjukehusa i Volda, Tromsø og Radiumhospitalet.

Strategien for arbeidet er å stimulere og få i gang praktiske forsøk som har klar generaliseringsverdi, skaffe oversyn over prosjekt som er i gang for å unngå unødvendig dobbeltarbeid, og spreie resultata frå prosjekt som er avslutta for å stimulere til å setje i gang endringstiltak på så mange stader og område som råd i helsetenesta.

Det blir arbeidd med eit forsøksprosjekt i Østfold for å redusere ventetida for behandling i sjukehusa som eit alternativ til å betale ut sjukepengar frå folketrygda.

I kyrkja er det no 1 120 prestestillingar og 82 kateketstillingar. I tillegg kjem feltpreststillingane ved fengsel og sjukehus. Det er få sokjarar til ledige kateketstillingar og til ein-skilde prestestillingar i utkantstrøk.

I skoleåret 1986–87 er det om lag 515 000 elevar i grunnskolen og 178 000 i den vidaregåande skolen. For grunnskolen gjekk elevtalet ned med om lag 15 000 samanlikna med året før.

Elevtalet i somme grupper i grunnskolen auker etter måten mykje. Til dømes auka talet på elevar som får alternativ livssynsundervisning frå 9 088 til 11 778, eller med nærmare 30 pst. Talet på framandspråklege elevar i grunnskolen auka med vel 20 pst., frå 8 024 til 9 626.

Stadig fleire funksjonshemma elevar har i dei seinare åra fått opplæring i den vanlege skolen. Talet på elevar i alderen 7–16 år i statlege spesialskolar har no stabilisert seg.

Det landsomfattande utviklingsprosjektet Miljø- og Leiing, MOLIS, er ført vidare i nye leiarutviklingsprosjekt der også den vidaregåande skolen står sentralt.

Ei revidert utgåve av mønsterplan for grunnskolen er lagd fram sommaren 1987.

Førerett til inntak i vidaregåande opplæring for sokjarar i aldersgruppa 16–20 år som etter sakkunnig vurdering har særskilt behov for tilrettelagt opplæring, vart sett i kraft frå 1. januar 1987.

Fagopplæringa i arbeidslivet er i rask vekst, og talet på nye lærekontraktar siste året svarar no til 16,4 pst. av eit ungdomskull.

Arbeidet med Finnmark som eigen utdanningsregion er i gang. Samordningsutvalet for regionen er skipa.

Opplæring for vaksne flyktningar og asylsøkjarar er utvida frå 240 til 500 timar. Det er om lag 10 000 vaksne innvandrarar, flyktningar og asylsøkjarar som får opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Førstegongsutdanning for vaksne funksjonshemma og andre vanskelegstilte er framleis ei stor oppgåve. Vaksne psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjonar har høg prioritet.

46 opplysningsorganisasjonar har allmenn rett til statstilskott etter vaksenopplæringslova, og det er om lag 700 000 kursdeltakarar. 20 brevkolarar får tilskott til brevundervisning, med om lag 160 000 brevelevar. Studiearbeit og brevundervisning har utvikla seg mot meir kompetansegevande kurs. Etter ein nedgang dei siste åra er opplæringsverksemda igjen i svak vekst.

Skoleåret 1986–87 er det i gang 82 folkehøgskolar. Det er ein nedgang på fire frå året før. Nedgangen i elevtalet ved folkehøgskolane har stoppa opp, og det er auke i kortkursverksemda. Det er om lag 7 000 elevar ved folkehøgskolane og i overkant av 10 pst. er utlendingar.

Det er lagt fram ei brei offentleg utgreiing om livslang læring.

Utbygging av høgare utdanning har høg prioritet, slik det er stadfestat i Stortinget i samband med drøftinga av meldingane om høgare utdanning våren 1987.

Talet på studieplassar ved universitet og høgskolar er hausten 1987 auka med om lag 1 600, medrekna ekstra opptak til helsefagutdanning, slik at samla studenttal hausten 1987 er om lag 94 000. I tillegg reknar vi med om lag 6 400 studentar i utlandet. Det er lagt vekt på å byggje ut studietilboda i Nord-Noreg, særleg i Finnmark, der det no blir reist tilbygg for distrikthøgskolen. I Tromsø er det komme i gang sivilingeniørutdanning. Siviløkonomutdanninga i Bodø har auka opptaket. Det er elles sett inn tiltak for å styrke utdanninga i informasjonsteknologi, særleg ved universiteta.

I Trondheim er det teke i bruk nybygg for elektroavdelinga ved Noregs tekniske høgskole. I Tromsø er arbeidet med 4. byggjestegget i Breivika sett i gang.

Det er gjort avtale med Kopinor, slik at ein har fått ordna tilhøva med kopiering av åndsverk ved universitet og høgskolar.

Regjeringa har sett ned eit utval for å vurdere ulike sider ved lærarutdanninga, og eit utval til å vurdere heile sektoren for høgare utdanning.

Til forskingsformål vart det i 1987 delt ut 345 mill. kr av overskottet frå Norsk Tipping A/S. Av dette fekk Noregs allmennvitkapslege forskingsråd 148,3 mill. kr, Noregs landbruksvitkapslege forskingsråd 74,9 mill. kr og Noregs Teknisk-Naturvitkapslege Forskingsråd 121,8 mill. kr. Dei statlege løvvingane, inkludert tippemidlar, til forsking er i 1987 på om

lag 4,5 milliardar kr. Dette er ein nominell auke på meir enn 16 pst. frå 1986.

Regjeringa har lagt vekt på å følgje opp hovudinnsatsområda i norsk forsking i samsvar med stortingsmeldinga om forsking og Stortingets handsaming av ho. Informasjonsteknologi er eitt av innsatsområda, og utdanning, forsking og utvikling er her integrert i ein nasjonal informasjonsteknologiplan. Dei statlege løyvingane til informasjonsteknologi er i 1987 totalt 1 071 mill. kr.

I 1986–87 har Statens lånekasse for utdanning delt ut lån og stipend for om lag 3,4 milliardar kr. Kostnadsnorma for studiestønad til elevar og studentar er for undervisningsåret 1987–88 kr 4 080 pr. månad.

Det er fordelt 10,5 mill. kr og gjeve tilsegn om endå 33,4 mill. kr til bygging av studentbustader. Vidare er 26,5 mill. kr brukte til velferdssarbeid for studentane.

I budsjettet for 1987 er det løvd 39,5 mill. kr for å leggje til rette studium i utlandet. Dette gjeld for fagområde som kan føre til større internasjonalisering av norsk næringsliv.

I 1987 er 487 kunstnarar med under ordninga med garantiinntekt. Det blir gjeve stipend til 739 kunstnarar, og i tillegg har fem livsvarig kunstnarlønn, fire æresstipend og ein æreslønn. Til saman kjem 1 236 kunstnarar inn under ulike ordningar.

Nasjonalgalleriet vart i 1986 vitja av om lag 108 000 personar. Riksgalleriet hadde 14 utstillinger på vandring i 1986. Utstillingane hadde eit besøk på 121 000. Førebuingane av Museet for samtidskunst på Bankplassen i Oslo held fram.

I 1987 er det oppretta tolv nye musikarstillingar. I alt er det 280 fast tilsette musikarar ved desse orkestra. Publikumsbesøket ved symfoniorkesterkonsertane var 178 000 i 1986. Rikskonsertane hadde ved sine konsertar eit publikumstal på rundt 1 004 000.

Dei teatra som får offentlege tilskott, hadde i 1986 eit samla publikumsbesøk på om lag 1 131 000 på eigenproduserte framsyningar. Av dette hadde Riksteatret om lag 70 000 tilskodarar på dei eigenproduserte framsyningane sine. Frå 1987 er det sett i gang eit treårig forsøk med samisk teater i Kautokeino.

Publikumstalet ved kinoane var om lag 11,1 mill.

Samla utlån i 1986 frå folke-, fylkes- og skolebiblioteka var 23,4 mill. band. Den samla bokmengda var 25,1 millionar band.

I 1987 får 291 muse stønad gjennom tilskottsordninga for halvoffentlege musé. Desse, saman med dei fem store musea som står utanfor tilskottsordninga, og ni statsmusé får til saman om lag 120 mill. kr frå staten.

Universitetsmusea og ei rad etatsmusé kjem i tillegg. Musea vart vitja av om lag 5 mill. menneske i 1986. Arbeidet med overføringa av det norske materialet frå Nordiska Museet i Stockholm til Norsk Folkemuseum held fram.

Statsarkivkontoret i Tromsø er no utvida til eit sjølvstendig statsarkiv.

På grunnlag av stortingsbehandlinga av meldinga om målbruk i offentleg teneste er det fastsett at ingen av dei to målformene skal vere representerte med mindre enn 25 pst. i rundskriv, kunngjeringar, informasjons tilfang o.l. laga av sentrale statsorgan.

Regjeringa legg vekt på å gje dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane gode arbeidskår. Etter ei mindre endring av retningslinjene i 1987 kan Kultur- og vitskapsdepartementet også gje tilskott til nye ungdomsrørsler og til særskilde tiltak som barne- og ungdomsråda på fylkesplan set i gang. Det er også gjeve tilskott til å starte opp eit informasjonskontor om internasjonal ungdomsutveksling.

Det er i 1987 gjeve investeringsstøtte til 40 nye fritidsklubbar, ungdomssenter og all-aktivitetshus.

Det blir lagt stor vekt på å stø utviklingsarbeid for å fremje arbeidet med ein aktiv ungdomspolitikk. Tre fylkeskommunar og vel 30 kommunar har fått tilskott til lokalt utviklingsarbeid i 1987. Det er også gjeve tilskott til to større regionale ungdomsprosjekt om distriktpolitisk utviklingsarbeid i Nord-Noreg. For å spreie erfaringar og idear frå lokale og regionale forsøksprosjekt, blir det gjeve ut publikasjoner frå desse prosjekta. Sju større bykommunar har i 1987 fått midlar til meir omfattande ungdomsprosjekt.

I tida framover vil det bli lagt særleg vekt på distriktpolitisk utviklingsarbeid for ungdom og ungdomstiltak i by- og tettstadsregionar. Dessutan blir utviklingsarbeid og informasjon om ungdomspolitiske tiltak prioritert.

Den delen av overskottet i Norsk Tipping A/S som gjekk til idrettsformål i 1987, var 401,5 mill. kr. Det er ein auke på 36,5 mill. kr i høve til året før. Av summen til idrettsformål gjekk om lag 228,4 mill. kr til idrettsanlegg, 153 mill. kr til Norges Idrettsforbund og 20,1 mill. kr til andre idrettsformål.

Av summen til idrettsanlegg gjekk 217,8 mill. kr til idrettsanlegg i fylka. Det vart gjeve tilskott til i alt 863 anlegg, m.a. 70 idrettshallar, 19 symjehallar og 50 idrettshus.

Vidare er løyving til lokale kulturbrygg på 42 mill. kr fordelt.

Det er vedteke at Norsk riksringkasting skal omgjerast til ein frittståande stiftelse. Det er dessutan foreslått av nækringkastingsverksemda skal gjerast permanent, og at

nærradio skal kunne finansierast med reklameinntekter.

Den nye samla lova om film og videogram vil halde oppe ein desentralisert, ikkjekommersiell kinostruktur og vil føre omsetninga av videogram inn i ordna former.

**Presidenten** mottok på Stortings vegne de opplestes dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet!

Det 132. ordentlige Storting, som Deres Majestet nå har åpnet, kommer sammen på en tid som fortsatt er preget av store utfordringer og uløste problemer.

Trontalen bærer bud om dette og om de mange og store saker Stortingen vil få til behandling i tiden som kommer.

Dette maner til ansvar. Nasjonalforsamlingen skal ivareta de viktige oppgaver som er pålagt oss, og møte de forventninger vårt folk med rette stiller til sine valgte representanter. Vi går derfor til en samling som vil stille store krav til representantenes innsats, til evne og vilje til samarbeid og til å treffe beslutninger som kan bli til gagn for oss alle.

Det er vårt håp at vi i videste forstand skal kunne bidra til å skape større trygghet, rettferdighet og medmenneskelighet både i vårt eget land og i den verden vi er en del av. Som folkevalgte må vi hele tiden stelle oss slik at vi kan ta vare på den oppvoksende slekt, våre eldre og dem som blir syke, og at vi kan se våre nye landsmenn i øynene med god samvittighet, i visshet om at vi har gjort vårt beste.

Det må alltid være en viktig oppgave for et land som Norge å arbeide for avspenning, fred og mellomfolklig forståelse. I dette arbeidet

vil Kongen og Regjeringen fortsatt kunne regne med Stortingets helhjertede støtte. Det er derfor med tilfredshet vi har mottatt signaler som gir håp om at vi i dag kanskje står foran en historisk sjanse til for første gang etter krigen å nå frem til avtaler om nedrustning og avspenning i øst/vest-forholdet.

Foruten Deres Majestets 30-årsjubileum som monark har vårt kongehus i løpet av året kunnet feire flere store jubileer som hele folket med dypfølt varme har deltatt i. Vi føler alle stor og ekte takknemlighet over den oppmerksomhet og interesse Deres Majestet alltid viser Stortingen og dets arbeid, og over den nære kontakt og den gjensidige respekt som i vårt land preger forholdet mellom kongehus og nasjonalforsamling. Derfor setter vi særlig stor pris på at Deres Majestet har mottatt invitasjonen fra Stortingets presidentskap til middag på Akershus Slott i aften.

Med vilje til å gjøre det beste for land og folk samles vi i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønske.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

**Presidenten:** Før dette møte heves, foreslår presidenten at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse blir lagt ut for behandling i et senere møte. — Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.35.